

VEDTEKTER FOR UTVIKLINGSFONDET I SEL KOMMUNE

Vedtatt i kommunestyret 26/01 2004

§ 1. Heimel, kapital og avkastning

- A. Fondskapitalen er:
Ansvareleg lån til Eidefoss AS.
- B. Avkastning frå fondet er:
Renter og anna avkastning av ansvarleg lån.

§ 2. Formål

Utviklingsfondet skal nyttast til næringsformål og kommunale utviklingstiltak.

§ 3. Bruk av midlar

Årleg avkastning der prisveksten er trekt frå, kan nyttast til tilskott og betinga lån.

Midla skal ikkje nyttast til aksjeteikning i private verksemdar. Dersom det blir teikna kommunale aksjar, kan dei ikkje utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i verksemda. Denne avgrensinga gjeld ikkje for utviklingssselskap, utleiagebygg og liknande som kommunen etablerar i samarbeid med private interesser.

Fondet kan ikkje gje støtte til løpande drift av kommunen, men kan delfinansiere ulike prosjekt, også når det gjeld lønsmiddel.

Fondsstyret kan fastsetje reglar for utbetaling av lån og tilskott frå Utviklingsfondet.

§ 4. Vilkår for støtte

Samla finansiering frå fondet til kommunale tiltak kan dekkje inntil 100% av kapitalbehovet. Samla støtte med tilskott og betinga lån til private næringsstiltak skal som hovudregel ikkje overstige 50% av det totale kapitalbehovet for eitt prosjekt. Ved prosjekt av særleg interesse for kvinner og ungdom og ved nye etableringar, kan det bli gjeve inntil 75% samla støtte.

§ 5. Forhold til internasjonale forpliktelsar på statsstøtteområdet

Bruken av fondet må vere i samsvar med det, til kvar tid, gjeldande internasjonale regelverk som Noreg har slutta seg til.

§ 6. Forvaltning

Formannskapet er fondsstyre. Administrasjonssjefen får fullmakt til å avgjere saker som ikkje er prinsipielle. Delegasjonen er begrensa til inntil kr. 25.000,- i enkeltsaker og til saman kr. 200.000,- pr. regnskapsår. Delegererte saker blir refererte i fondsstyret.

Fondsmidla blir forvalta etter finansreglementet for Sel kommune. Det blir oppretta ein eigen balansekonto for fondet.

Klagebehandling av fondssaker som er avgjort av administrasjonssjef eller ordfører blir først lagt fram for fondsstyret for behandling. Klager blir behandla etter § 28 i forvaltningslova, og klager blir lagt fram for klagenemnda.

§ 7. Årsmelding

Det skal lagast ein rapport om bruken av fondet kvart år i samband med årsmeldinga. Denne årsmeldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

§ 8. Godkjenning av vedtekter

Vedtektene skal godkjennast av kommunestyret, som også kan vedta endringar.